Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7 | Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr. til nr. 7 (feb. 1954) | Herad: Hovin

Emne: Skav | Bygdelag: Oppbygda

Oppskr. av: Helge Sauro | Gard: Sauro

(adresse): Hovin Telemark. | G.nr. 14 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. tildels

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Etter min far som er 84 år bonde

SVAR

Noko sers namn for fôr utanom høy har vi ikkje her i bygda, det mest ålmenne var og er isofall „Ruskefôr". Men det femner over alle slag frå: Rispalauv, rakalauv, mose, grossjågras (d.e. gras ell. høy som vart skore med sigd på ulendte stader i utmarka) og til lyng, ris og skav. Skav har ellers ikkje vore nytta serleg mykje til hjelpefôr. I dei siste 50 åra er det mest ingen som har nytta skav. Men det er ellers ikkje ukjent her heller å nytta bark til dyrefor.

Ordet: Skav vert i bygdemålet her bøygt slik: Natid: skjev, fortid: skav fyrdeg fortid: skave

Dei treslaga dei serleg nytta borken av til skav var: Alm, raun og unge furutre. Avdi skav har vore lite nytta har heller ikkje noko treslag fenge sernamn som skavtre.

Rimet som De nemner i sp. nr. 7 er heilt ukjent her.

9195

Berre kyrne fekk skav. Til sau og
geit vart det køyrt fram ein haug
av heile småtre og kvister av furu
raun bjørk o.l. Denne haugen vart
lagt på ein lagleg plass i nærleiken
av fjøset ell. saustallen og kallast
„Beit" Her vart so geiter og sauer
slepte ut midt på dagen heile
vinteren og fekk gnaga og beita
Eg kan huysa at eg har sett slike
beithaugar der dei grøvste og største
kvistane låg att og skein kvite og
snaue for bark når vårsola kom og
tina snøen av beithaugane om
våren.
Skavet vart gjeve kurne i bytter. Dei
blanda det med agner, høymo eller
dei strøydde ei mjølsô over om dei
såg seg syn med det då; for
vårknipa var jamt hard både
for folk og krøtter før i tida. At
kurne mjølka meir ell. feitare mjølk
er ukjent. Derimot er det ei ål-
menn røynsle at når dei tek til
å gjeva bjørkeris tidleg om våren so
auka mjølka. Dei kombinera henting
av skavved med heimkøyring av
brennevden
Til skavinga bruka dei mykje den
vanlege tollekniven. Til større kubbar
ell. stokkar nytta dei bandkniv på
skap som denne. Men denne

reidskapen var ikkje spesielt
til skaving av skav, Dei bruka den
mykje til uthaling av traug osv.

9195
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Nokon serleg arbeidsteknik er ikkje kjend. Heller ikkje spesielle knakkar eller benker til å skava på.

At kuer som hadde fenge skav vart sett høgare i pris er heilt ukjent og utenkjeleg og.
Men det er fortalt at kyr som fekk mykje skav byrja å mjølke „streng" mjølk D.v.s. mjølka fekk smak som geitemjølk
I gamle husmannskontrakter er det ikkje heint fram nemnt at dei kunde ta skav i skogen; men det gjeng fram at det var slik då det sumetid er nemnt beit og bar
Ellers er eller var det ikkje heilt ålment å ta skav; det var berre som heilt naudsynt naudsfôr dei stundom i strenge og lange vårar henta skav.

Bøyingsformer av ordet Skav.

Substantiv
ubundi: Skav – bundi: Skave

Verbe.
Nemnemåte: Skåvå. Notid: Skåvår og sideforma: Skjêv. Fortid: Skåvå. Ferdig fortid: Skave.

Hovin 10/3 64.

9195

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING